

F O R S K R I F T E R
FOR BRUK AV VÅPENET TIL LESJA KOMMUNE
(Revidert 03.04.91)

§ 1. DEFINISJON

Våpenet til Lesja kommune, fastsett ved Kongeleg Resolusjon den 23.januar 1987 er:

På sølv grunn blå skjoldfot med spiss oppover.

Flagg: På kvit grunn blå skjoldfot med spiss oppover, i rektangulær form.

Til dekorativ bruk kan våpenet utformast som vimpel eller hengjande banner.

Våpenet omfattar eikvar heraldisk form.

§ 2. GENERELLE FORSKRIFTER OM BRUK

Som hovedregel kan våpenet berre bli brukt av administrasjonen og institusjonar som utøvar kommunal myndighet, - og til dekorasjon.

Bruk av våpenet på suvenir for salg er ikkje lov.

Våpenet må ikkje bli brukt slik at ein kan oppfatte det som privat kjenneteikn. Private kjenneteikn må heller ikkje bli stilt saman med våpenet.

Eventuell søknad om dispensasjon blir behandla av kulturstyret.

§ 3. BRUK AV VÅPENSKJOLD

Våpenskjoldet skal brukast med sine fargar med mindre særskilt løyve ligg føre.

Våpenskjoldet kan brukast som eigarmerke på bygningar, bilar og andre gjenstandar. Etter nærmare reglar gitt av formannskapet, kan våpenskjoldet i fargar brukast til jakkemerke m.v.

§ 4. BRUK AV KOMMUNEFLAGG

Flagget kan heisast når kommunestyret har møte og elles etter nærmare beskjed frå ordførar/rådmann.

§ 5. BRUK AV VÅPENET I FANER, VIMPLAR M.V.

Våpenet kan brukast som bordflagg, tverrskore eller i vimpelform, til bruk som dekorasjon ved kommunale tilstellingar.

Etter nærmare avtale, kan flagget bli utforma og brukt som hengjande banner til dekorativ bruk.

§ 6. BRUK AV VÅPEN I STEMPEL OG SEGL.

Våpenet kan bli brukt utan skjoldinnfatning, med namnet til etaten eller institusjonen i ein innskriftsring langs kanten.

Segl kan bli framstilt som oblatsegl til bruk på dokument, til lukking av konvoluttar o.l.

§ 7. UTFORMING OG UTFØRING AV VÅPENET

Våpenet kan bli attgjeve i ulike typar teknikkar og materialer, f.eks. plastisk i flatestil, måla, teikna, vevd, brodert eller gravert.

Eikvar utføring av våpenet må følgje tekniske og heraldiske kvalitetsnormer med riktige fargar, former og proporsjonar.